



KOPI

Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5758 - 20/18142

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 102/19 Vabø

Tiltak: Minireinseanlegg
Byggjestad: Gbnr: 102/19
Tiltakshavar: Jørn Klinge
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.02.2020.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Vabø Disp.Plan Del av gnr 102 bnr. 6/planid 1263-07011971. Reguleringsplan er gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel for 2019-2031 vidareført med supplering av bestemmelsar i kommuneplanen der plankart og føresegn er taus, jf.§ 4.5 i nemnde kommuneplan.

Reguleringsplanen mangler byggegrense mot sjø, på plankart til kommuneplanen er det synt byggegrense mot sjø om lag i grensa mellom eigedom gbnr. 102/19 og Vabøvegen. Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg før dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg på eigedom gbnr. 102/19.

Det er i søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø og på skisse av tiltak skildra at det skal etablerast støttemur og trapp i samband med etablering av minireinseanlegg.

Motteken teikningsgrunnlag er ikkje tilstrekkeleg til at vi kan ta stilling til søknaden. Det må sendast inn oppdatert situasjonsplan påført ytre hovudmål som syner plassering av minireinseanlegg, støttemur og trapp. Det må sendast inn teikning av mur og trapp og snitt-teikningar som syner plassering av tiltaka i høve eksisterande og planlagt terreng.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan der omsøkte tiltak er innteikna og målsett. Dette gjeld for minireinseanlegg, støttemur og trapp.
2. Snitt- og fasadeteikningar av støttemur og trapp, snitt skal syne eksisterande og planlagt terreng.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.05.2020 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jørn Klinge	Lyderhornslie 115	5178	LODDEFJORD
Jørn Klinge	Lyderhornslie 115	5178	LODDEFJORD
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------